



**Eidsvik Skipsbyggeri har verkeleg fått vind i segla att. Ikkje berre er Liafjord under utrusting, no er også 2 andre fiskebåtar på plass for det ein kan kalla vedlikehaldstiltak. Den eine er Hargun som vart levert frå Eidsvik for 13 år sidan og den andre er landets største fiskebåt Libas, 94 meter lang.**

Etter rask opptrapping er no 75 mann i arbeid på Liafjord, opplysar dagleg leiar Svein Arne Eidsvik til uskedalen.no

På Hargun skal det berre utførast noko målingsarbeid som er raskt unnagjort. Libas var inne hos Eidsvik så seint som i fjor haust og no skal nokre lugarar fullførast. Til den jobben krevst det 10-12 mann.

Biletet vart teke i føremiddag.

Her er det Libas som dominerar og ligg utanfor dei 2 andre

Foto: Ola Matti Mathisen